

Lekseplan, 5. trinn.

VEKE 23, 2025.

Kjære foreldre.

Minner om "Gå til skulen kampanjen" vart avslutta 28.05. Hugs å levere lapp til kontaktlærer innan onsdag 4.juni for å kunne delta i konkurransen.

Elles er alla klassane i gong med eit skriveprosjekt der me lagar eigne hefte med sjølvskrivne fantasyforteljingar og illustrasjonar. Mange gode tekstar er nesten ferdige!

Open dag: Tysdag 10. Juni er det open dag. Hald av datoen!

- **Helsing oss på 5.trinn 😊**

Dette jobbar vi med i denne perioden:

Lesing.

- Eg veit at det er mange ulike lesemåtar; slik som skumlese, leitelese og nærlese.
- Eg nyttar repetert lesing som ein måte å verta ein betre lesar på.
- Eg kjenner til sjangeren fantastiske forteljingar (fantasy), og kan fleire typiske kjenneteikn.

Skriving.

- Eg veit kva sakprosa er, og kan skriva ulike typar sakprosattekstar, frå tekstmeldingar til handlingsreferat.
- Eg kan skriva ein tekst med tre einskilde delar: innleiing, hovudtekst.
- Eg kan skriva mi eiga fantasyforteljing i tråd med sjangerkjenneteikna.

Rekning: Algebra og programmering.

- Finna eit tal som løyer ei likning.
- Finna tal som passar i ein ulikskap.
- Bruka bokstavar som symbol for tal, som bokstaven x som eit ukjent tal i ei likning.
- Laga program på papir som løyer bestemte oppgåver.
- Eg kan bruka enkel programmering og excel.

Engelsk: International food..

- Food and manners.I can write coherent texts that tell a story.
- At the restaurant.
- Baccuse it's good for you.
- Secret recipes and more.....
- Grammar: Past simple tense.

Samfunnsfag: Geografi.

- Om busetjing og landsdelar i Noreg.
- Om korleis ressursar, næringar og busetjing heng saman.
- Om noregskartet med byar og fylke i landet vårt.
- Eg kan laga powerpointpresentasjon om eit av dei norske fyla.

Naturfag: om bærekraftige samfunn.

- FN sine bærekraftsmål.
- Korleis vi lagar bærekraftige samfunn.

Sosial kompetanse.

- Eg deltar i elevrådet sin kampanje mot dårleg språkbruk.

LEKSER:	TIL TYSDAG	TIL ONSDAG	TIL TORSDAG	TIL FREDAG
LESE		Engelsk: Øv på leseleksa, s. 154	Lese teksten "Vaksen for ein dag"	
SKRIVE			Gjere B.oppgåvene som høyrer til. Hugs å markere oppgavene med nummer	
REKNE	Ruteboklekse.			
HUGS: 		Gymklede- joggesko, handkle og såpe. Det er 5A som har symjing denne veka og resten av skuleåret.		